



SANDE KOMMUNE
Rønnebergplassen 17, 6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00
postmottak@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen, Sande Rådhus, Larsnes
Dato: 19.06.2018
Tid: 13:45 – 17:25

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Dag Vaagen	Ordførar	H
Inge-Jonny Hide	Medlem	H
Ivar Slettevoll	Medlem	H
Arnfinn Hide	Medlem	H
Elisabeth Strand Slettestøl	Medlem	H
Trond Torset	Medlem	A
Jon Garen	Medlem	A
Camilla Auflem Vik	Medlem	A
Helge Støylen	Varaordførar	TVP
Bjørn Flatøy	Medlem	TVP
Anne-Marte S. Beitveit	Medlem	TVP
Olav Myklebust	Medlem	SP
Kari Grønnevik	Medlem	SP
Marion Flatøy Bringsvor	Medlem	FRP
Kåre Fjørtoft	Medlem	FRP
Einar Ekroll	Medlem	V

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Geir T. Torsvik	Medlem	A
Ruth Hatlebrekke Rekdal	Medlem	H
Arnljot Muren	Medlem	A
Mathias Hogne Gjerde	Medlem	H
Kjerstin Sande	Medlem	TVP

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Merethe Almestad	Ruth Hatlebrekke Rekdal	H
Wenche Bjørkeng	Mathias Hogne Gjerde	H
Eli Rekdal	Arnljot Muren	A

Sindre Torset
Ove Myklebust

Geir T. Torsvik
Kjerstin Sande

A
TVP

Frå administrasjonen møte:

Namn

Stilling

Oddbjørn Indregård

Fung.rådmann

Tove Cathrine Kvamme

Politisk sekretær

Kjell Martin Vikene

Teknisk sjef (møtte under orienteringane)

Innkalling og protokoll frå forrige møte vart godkjent utan merknadar.

Røysteføre: 21

SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
PS 28/18	Skriv og meldingar	
PS 29/18	Felles digitaliseringsstrategi for kommunane på søre sunnmøre	2016/1370
PS 30/18	Spesielle miljøtiltak i landbruket - SMIL-strategi for Sande kommune 2018-2020	2017/287
PS 31/18	Ruteendringsprosessen 2019 - innspel frå Sande kommune	2018/507
PS 32/18	Utviklingsforum for Ålesund lufthamn Vigra AS - etablering	2018/623
PS 33/18	Uttale knytt til Stad Skipstunnel og KS2	2015/1161
PS 34/18	Konstituering som rådmann	2017/468
	Eventuelt	

Sande Fastlandssamband AS v/Jostein Korsnes.
Orientering om selskapet og status for arbeidet med sambandet.

Asplan Viak v/Einar Bergsli – Orientering om vassverktbygging i Sande kommune: Kan Sæssvatnet vere ein framtidig vasskilde for Gursken og eventuelt Gjerdsvika?

PS 28/18

SKRIV OG MELDINGAR

Handsaming i Kommunestyret :

RS 14/18 Protokoll frå kontrollutvalsmøte 05.06.2018

RS 15/18 Protokoll - representantskapsmøte Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS - 19.04.2018

RS 16/18 Møteplan 2. halvår 2018. Godkjent.

RS 17/18 Særutskrift sak F-55/18 TV-aksjonen 2018 - Kirkens bymisjon - Oppretting av kommunekomite

- Trond Torset fekk permisjon og forlet møtet. **20 røysteføre.**

RS 18/18 Kantslått 2018 - bevar biene, Skriv frå 7. klasse ved Bergsøy skule.

Vedtak: Kommunestyret takkar for brev, og for elevane sitt store og viktige engasjement for å hindre biedød. Sande kommune har i stor grad praksis med sein kantslått. Men for ettertida vil vere enno meir medvitne på å legge all kantslått til seinsommaren.

RS 19/18 Sande Venstre: Digital distribusjon av kommunestyremøta

Vedtak: Sande kommunestyre ønskjer å ha plass ordning med direkteoverføring av kommunestyremøta til første kommunestyremøte hausten 2018.

Rådmannen får i oppdrag å legge fram sak om praktiske alternativ, kostnader, inndekning m.m. til formannskapsmøte 21. august.

RS 20/18 Fylkesmannen: Invitasjon til innspel om skjønnsmidlar

RS 21/18 Forslag til samarbeidsavtale – Politiråd

Vedtak: Ordførar får fullmakt til å signere samarbeidsavtalen

VEDTAK:

Skriv og meldingar vart samrøyses teke til vitande.

PS 29/18**FELLES DIGITALISERINGSSTRATEGI FOR KOMMUNANE PÅ SØRE SUNNMØRE**

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner felles digitaliseringsstrategi for kommunane på søre Sunnmøre med handlingsplan for perioden 2018-2021.

PS 30/18**SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET - SMIL-STRATEGI FOR SANDE KOMMUNE 2018-2020**

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

1. Sande kommunestyre vedtek SMIL-strategien for 2018-2020 slik den ligg føre, jf. vedlegg 1.
2. Sande kommunestyre vedtek Strategiplan for NMSK- midlar for 2017 – 2020 slik den ligg føre, jf. vedlegg 2.
3. Vedtaksmynde i saker som gjeld SMIL, drenering og NMSK blir delegert til administrasjonen.

PS 31/18**RUTEENDRINGSPROSESSEN 2019 - INNSPEL FRÅ SANDE KOMMUNE**

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga, med slikt tillegg til kulepunkt 1:

«Ny tiltak må ta omsyn til at hovudtyngda av trafikken går mellom Larsnes og øyane i Sande».

VEDTAK:

Sande kommunestyre viser til i saksframstillinga, og bed om at:

- Fylkeskommunen gjer tiltak for å sikre betre frekvens i rute 01. Ny tiltak må ta omsyn til at hovudtyngda av trafikken går mellom Larsnes og øyane i Sande.
- Fylkeskommunen gjer tiltak som sikrar betre samvirke mellom aktørar. Spesielt gjeld dette skuleskysordninga for den vidaregåande skulen.
- Fylkeskommunen vurderer ordningar der både bussnæringa og drosjenæringa vert sett i samanheng for å gi eit betre kollektivtilbod i distrikta.
- Fylkeskommunen gjer tiltak for å auke frekvensen på busstilbodet mellom Garnes og Sande (FV61).
- Fylkeskommunen gjer tiltak som sikrar ein samanheng i kollektivteneste mellom Hareid og Moa/Ålesund Sjukehus.
- Fylkeskommunen gjer tiltak på dei kollektivknutepunkta som i dag ikkje fungerer godt nok for dei reisande.

PS 32/18

UTVIKLINGSFORUM FOR ÅLESUND LUFTHAMN VIGRA AS - ETABLERING

Handsaming i Kommunestyret :

Dag Vaagen, H sette fram følgjande forslag til nytt pkt 2:

«2. Sande kommune vil under stiftingsmøtet i september 2018 gå inn som eigar i selskapet gjennom kjøp av ein aksje i selskapet, pålydande kr 25 000. Midlane vert å dekke over kommunen sitt ubundne investeringfond, konto 2530 8120.

Sande kommune vil frå 2019 bidra med årleg driftsstøtte, basert på innbyggartal, med kr 12 700. Driftstilskotet vert å innarbeide i budsjett-/økonomiplan for 2019-2022»

Samr. som tilrådinga, med endring av pkt. 2 føreslege av Dag Vaagen.

VEDTAK:

1. Sande kommunestyre ser positivt på arbeidet som vert gjort for å etablere eit utviklingsforum for å styrke Ålesund lufthamn, Vigra sin posisjon som nasjonal lufthamn for Nordvestlandet.
2. Sande kommune vil under stiftingsmøtet i september 2018 gå inn som eigar i selskapet gjennom kjøp av ein aksje i selskapet, pålydande kr 25 000. Midlane vert å dekke over kommunen sitt ubundne investeringfond, konto 2530 8120.

Sande kommune vil frå 2019 bidra med årleg driftsstøtte, basert på innbyggartal, med kr 12 700. Driftstilskotet vert å innarbeide i budsjett-/økonomiplan for 2019-2022

PS 33/18

UTTALE KNYTT TIL STAD SKIPSTUNNEL OG KS2

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga, med slik endring i teksta: «Medrekna tap av menneskeliv, oljeforureining, materielle tap og vrakberging «

VEDTAK:

Sande kommunestyre vedtek slik uttale knytt til Stad Skipstunnel og KS2:

Stad skipstunnel og KS2

Den siste kvalitetssikringa (KS2) av Stad skipstunnel har store manglar og har utelate viktige nytteeffektar av tunnelen. Viktige positive nytteeffektar som verdien av overført trafikk frå veg til sjø, auka tryggleik, positiv effekt for fiskerinæringa, næringseffekt som resultat av betre kommunikasjon (hurtigbåt) og auka utanlandsk turisme er ikkje prissett eller nemnt i det heile tatt i KS2. Stad skipstunnel er eit unikt og banebrytande prosjekt og ein har difor ingen samanliknbare prosjekt eller samfunnsøkonomiske modellar som er tilpassa ein skipstunnel.

Stad skipstunnel er eit viktig prosjekt for næringslivet langs kysten, og ei rekkje næringslivsaktørar og vestlandsfylka har difor støtta og prioritert prosjektet i sitt innspel til Nasjonal transportplan (2018-2029). For næringslivet vil Stad skipstunnel vere ei sikring av leveransar, kortare transporttid og at kvaliteten på råvarer som skal fraktast forbi Stad held seg

god. Det er mykje nasjonal og internasjonal næringsrelatert trafikk rundt Stad, bl.a. innan fiskeri og havbruk, maritim industri, bergverk og turisme.

Meir gods frå veg til sjø – og hurtigbåtrute

Ei tryggare og meir effektiv segling rundt Stad vil legge til rette for at meir gods kan transporterast sjøvegen, og ein kan etablere ei hurtigbåtrute mellom Bergen og Ålesund. Ei slik hurtigbåtrute vil knyte saman Vestlandet og kysten vår på ein heilt ny måte og opne opp for ein større bu- og arbeidsmarknadsregion frå Ålesund, via den maritime klynga på Søre Sunnmøre, til Måløy/Florø. Hurtigbåttrafikk og auka arbeidsmarknadsintegrasjon er heilt utelate i KS2, trass i at vestlandfylka har gjort vedtak om at dei skal utgreie hurtigbåtrute mellom Bergen og Ålesund.

Auka skipstrafikk

Skipstrafikken skal auke med 41 % fram mot 2040 (analyse frå Samferdselsdepartementet 2014). Vestlandskysten har den mest omfattande skipstrafikken og Stadhavet er ei av dei mest utsette strekningane langs kysten. Med skipstunnelen får ein sikrere passasjertrafikk også for mindre cruiseskip, hurtigbåt og kystrute. I tillegg opnar det opp for småbåtturisme, som i dag vert avgrensa av vêrtilhøva ved Stad. Eit forlis ved Stad vil fort kunne få svært dramatiske konsekvensar. Medrekna tap av menneskeliv, oljeforureining, materielle tap og vrakberging kan eit forlis påføre samfunnet større kostnader enn den faktiske prisen med å bygge skipstunnelen. I tillegg vil både bergingsaksjonar og oljevern vere særskild utfordrande i dette området.

Stad skipstunnel vil auke fiskeri- og havbruksnæringa si konkurransevne

Stadhavet er eit kritisk passeringpunkt for fiskebåtar, brønnbåtar, fôrtransport og andre typar varefrakt. Ugunstige vêrtilhøve fører ofte til at fiskebåtar ikkje kan passere Stad for å levere fangst. Det medfører færre aktuelle leveringsstadar, dårlegare prisar og kvalitetsforringing av fangsten. Stad skipstunnel vil dessutan opne for nye transportløyningar for fersk sjømat med hurtiggåande båtar som vil vere konkurransedyktige samanlikna med transportmetodar nytta i dag.

Auka internasjonal turisme

Stad skipstunnel blir den første skipstunnelen i verda, og det er stor internasjonal merksemd rundt dette prosjektet allereie. I tillegg til å ha ein verdi i seg sjølv vil tunnelen også ha store ringverknader, ved at den knyt saman mange reisemål og attraksjonar. Stad skipstunnel kan bli ein attraksjon i verdsklasse, men auka internasjonal turisme er ikkje nemnt med eitt ord i KS2.

Vår kommune forventar at planane om bygging av Stad skipstunnel i Nasjonal transportplan blir gjennomført med byggestart seinast i 2021, i tråd med Kystverket sin handlingsplan.

PS 34/18
KONSTITUERING SOM RÅDMANN

Handsaming i Kommunestyret :

Fungerande rådmann Oddbjørn Indregård var ikkje tilstades under handsaming av saka.

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Oddbjørn Indregård vert konstituert i stillinga som rådmann i Sande kommune fram til det er gjort fast tilsetjing i rådmannsstillinga og vedkomande kan tiltre.

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vart Einar Ekroll og Kari Grønnevik valde.

Møtet slutt kl 17.25

Einar Ekroll

Dag Vaagen

Kari Grønnevik

Rett utskrift

ØKONOMI- OG ADMINISTRASJONSAVDELINGA, 21. juni 2018

Tove Cathrine Kvamme
Politisk sekretær